

NVE  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Tingvoll, den 8.10.2006

## **FRÆNA VINDPARK – VERSJON C – FRÅSEGN**

Viser til tilsendt dokument mottatt 23.8.2006.

Statkraft har tidlegare sendt søknad for utbygging av dette området. Prosjektet blei vurdert som ei katastrofe frå Riksantikvaren og Direktoratet for Naturforvaltning og frårådd utbygd av Fræna kommune. I tillegg har laboratoriet til over ein milliard kroner på Smøla levert resultat som tilseier at vindmøller og havørn har eit dårleg prosjekt i lag. På dette grunnlaget leverer så Statkraft Development AS ein ny søknad som i store trekk må vurderast på same måte som før. Konsekvensutgreiinga viser at dette prosjektet slett ikkje kan gjennomførast. Dette er utidig oppførsel som berre er eigna til å hefte bort både den eine og den andre med å skrive fråsegner og anna arbeid for å stoppe galskapen.

Naturvernforbundet har merka seg følgjande frå vindmøllene på Smøla:

- Vindmøllene og havørn kjemper om same luftrom. Når havørn og vindmøller kolliderar, er det havørna som tapar.
- Avgangen av havørn har i løpet av eit år blitt ganske mange. Saman med forringa tilhøve når det gjeld å få flygedyktige ungar, er vindmøllene på noko sikt eit alvorleg trugsmål mot havørnbestanden lokalt.
- Statkraft har motsett seg å stoppe vindmøller som er ekstra ille med omsyn til fuglekollisjonar. Dette er for kostbart og kjem ikkje på tale.

I konsekvensutgreiinga pkt. 4.6 er det referert til at det i løpet av siste halvår 2005 er funne 4 drepe havørn på Smøla. Etter den tid er det drepe ytterlegare 6-8 individ. Naturvernforbundet bed difor om at nye tal blir lagt til grunn.

Naturvernforbundet vil peike på at havørnhakkematlaboratoriet på Smøla er tilstrekkeleg til å kunne forske ut korleis vindmøller tar livet av ein havørnbestand. Naturvernforbundet kan ikkje sjå at Statkraft eller nokon annan har bruk for ytterlegare eit laboratorium for å finne ut av dette.

Viss forskingsresultata frå Smøla var så gode at ein hadde trong for eit nytt storskalalaboratorium for å finne ut om nye mølletypar og ny måte å plassere dei ville ha den positive effekten forskinga tyder på, kunne det ha vore eit poeng å bygge eit nytt prosjekt. Det er ingenting ved konsekvensutgreiinga som tyder på at det er vesentleg ny kunnskap om

---

Adresse: 6630 TINGVOLL

Leiar: Øystein Folden, 6630 TINGVOLL, tlf. 918 12 542

Epost [moreromsdal@naturvern.no](mailto:moreromsdal@naturvern.no) Internett [www.naturvern.no/moreromsdal](http://www.naturvern.no/moreromsdal)

havørnkollisjonar og negativ påverknad av arten. Så langt er vi ikkje komne, og når haldninga er at feil skal få fortsette konsesjonstida ut, så bør eit slikt prosjekt gløymast i alle fall.

Så lenge berghyllene i Skaltenområdet finst og likeeins at det kan finnast havørnmat i Hustadvikaområdet, vil det vere potensiell konflikt mellom havørn og vindmøller i omsøkte område. Tabben som blei gjort på Smøla med omsyn til havørn skjedde til tross for at problemstillinga var kjent på førehand. Det er meir enn ille nok. Å gjere same type tabbe ein gong til er idiotisk og bør kunne straffast.

Naturvernforbundet har merka seg at endra detaljløysingar har redusert konfliktnivået på ein del andre punkt. Det syner at utbyggjar sett under press er i stand til å finne betre løysingar. Med så store negative konsekvensar som det stadig blir påvist i samband med vindmøller, er det trist å sjå at utbyggarselskapa ikkje tar seg betre tid med prosjektering, men prøver seg i håp om at det blir godkjent likevel.

Landskapsmessig er omsøkte prosjekt eit stort inngrep, og når ein har t.d. dei store historiske kvalitetane i tillegg til biologiske og ei rad andre omsyn, ber vi om at Statkraft trekker heile prosjektet så snøgt som mogleg.

Dette vindkraftprosjektet skal ikkje byggast.

I vår fråsegn av 17.3.2005 etterlyste Naturvernforbundet heilskapelege planar for vindmøller i fylket generelt og i Aukra-Fråna spesielt. Vi har registrert at det har vore ei form for samla vurdering av eksisterande søknader, men utover det slit vindkraftindustrien i same gjørma. Ein energiproduksjon som i utgangspunktet bør ha eit potensial til å vere lite miljøskadeleg kjem opp med eine søknaden verre enn den andre, og set heile vindkraftsaka i vanry. Dette kan berre ikkje halde fram.

Med helsing

Øystein Folden  
leiar